



MELAND KOMMUNE

Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

Hordaland Fylkeskommune strategi og Næringsavd.
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref.
Vår ref.

Journalp.ID 12/15920
ArkivsakID 08/525
Arkiv nr. N-104.5, N-521

Dato 30.11.2012

SØKNAD OM UTSETT ARBEIDSRIST TILSKOT TIL KÅRBØ KAI- REF TILSEGN FU 18 PL

PROGRAM FOR LOKALSAMFUNNSUTVIKLING 2008

Syner til telefonsamtale tidlegare i haust i samband med varsel om inndraging av tilskot. Eg lovde då å senda ei lita forklaring på kva som har skjedd i saka.

Meland kommune ilag med Kårbø bygdelag søkte, og fekk i 2008 kr. 150 000,- i tilskott for å tilrettelegge og oppgradere Kårbø kai.

Arbeidet vart sett i gang i 2009/2010 og det vart starta med asfaltering. Det synt seg då at kaien var umatrikulert, og ein av grunneigarane i kaiområdet vende seg til kommunen med krav om å eiga ein del av kaien. Det vart lagt ned ein del arbeid i å finna dokumentasjon for kommunen sitt eigarskap og ein fann til slutt eit overleveringsdokument frå bygda til kommunen frå 1939 i gamle arkiv for Herdla kommune. Kommunen kalla så alle partane inn til kartforetning med mål om å finna ei minneleg ordning på eigedomstilhøva. Dette førte dessverre ikkje fram, og våren 2012 sendte kommunen saka vidare til jordskifteretten. Rettsmøte vart halde 20.08.2012, og kommunen vann fram med krav om eigarskap til kaien. Motparten har anka saka vidare til lagmannsretten, men rettsmøte der er ikkje beramma.

Dette har ført til at det resterande arbeidet har stogga opp i påvente av dom i sak. Me ber difor om at tilskotet ikkje vert inndrege, slik at me kan ta opp att arbeidet når dette er avklart.

Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

Med helsing

Laila Bjørge
landbrukssjef